

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2017**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:

Den midlertidige stillinga som mobbeombod skal gjerast fast og plasserast direkte under fylkesrådmannen.»

### **Røysting**

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken mot 24 røyster (V, MDG, H, Frp) for Andersland sitt forslag.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om å vidareføre ordninga med mobbeombod.
2. Den midlertidige stillinga som mobbeombod skal gjerast fast, og utvalet ber om ei sak der plasseringa i organisasjonen av mobbeombodet og elev- og lærlingeombodet vert vurdert.
3. Mobbeombodet skal leggje fram ein årleg rapport for fylkestinget.